

Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING
2021

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "**kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapa som kommunen eig eller er deleigar i. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2011 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Utvalet har for valperioden 2019–2023 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar **Odd Magne Lønseth** (Ap)
Nestleiar **Øyvind Djuv** (H)
Medlem **Anne-Brit V. Opheim** (Ap)
Medlem **Ola Magnar Birkeland** (Sp)
Medlem **Lillian Nordengen** (Sp)

Varamedlemmer

1. Lisa Stornes (SV)
2. Egil Bakke (Ap)
3. Katrine Skorpe Nærheim (H)
4. Jon L. Grindheim (Sp)

Ola Magnar Birkeland er utvalet sin kommunestyrepreressant. Anne-Brit Veastad Opheim erstatta Laura Seltveit frå 03.02.21. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på eit av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert eller kalla inn. Han har

møtt på tre av fire møte. I tillegg har økonomisjef møtt saman med rådmannen i eit møte og orienterte om regnskapssaka i mai.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2021

Kontrollutvalet har i 2021 hatt **4** (4) ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held normalt sine møte på rådhuset, men under oppussinga av rådhuset blir møta haldne på Folkets Hus. Møta i februar og mai blei gjennomført digitalt på Tems.

Utvalet har hatt **25** (24) saker til handsaming, kor 4 (6) saker blei vidaresendt til kommunestyret. **25** (32) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga

Anne Brit Veastad Opheim deltok på den digitale kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) i april. Det var ingen frå Sauda som deltok på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin digitale konferanse i juni. Det var heller ingen frå Sauda som deltok på dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i det digitale møtet 06.05.21, sak 7/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 22 mill.kr (etter avsetjing til driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 20,7 mill. kr, som utgjer 3,6 % av driftsinntektene. Resultatet var godt over teknisk berekningsgrunnlag sitt anbefalte nivå på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det regelmessig vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Ny plan for perioden 2020 - 2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 21.10.20, sak 104/16.

Arbeidet med planen starta på nyåret med ein workshop og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko. Utvalet drøfta planen i september 2020 og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. Personalpolitikk og ansettelser
2. Innkjøp – kontraktsinngåelse/oppfølging
3. Oppfølging av politiske vedtak
4. Kompetanseutvikling
5. Økonomi – endring av rammevilkår

Rapport om «Personalpolitikk og ansettelser» blei lagt fram for kontrollutvalet i september og for kommunestyret 20.10.21, sak 65/21. Revisor hadde peika på fleire forbetringsspunkt, som var sett opp i sju tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til seks månader. Tilbakemelding er venta hausten 2022.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Økonomistyring innan helse og omsorg» blei lagt fram for kontrollutvalet i mai og kommunestyret 22.06.21, sak 22/21. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering. Kontrollutvalet har bede om ei ny oppfølging i mai 2022.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «Innkjøp» som nytt prosjekt for levering i 2022.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her

utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll. Planen for 2020-2024 for eigarskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 21.10.20, sak 104/20. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

- Generell eierstyring
- Nærings- og samfunnsutviklingsselskap
- Sauda Bedriftskapital AS

Tilsyn med selskap kan også gjennomførast ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2021.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

KPMG AS var kommunen sitt revisjonsselskap fram til 30.06.21. Revisorane deltok via Teams i møta på våren. Frå 01.07.21 overtok Rogaland Revisjon IKS med Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Han fekk møtt utvalet i september. I novembermøtet deltok forvaltningsrevisor Frode Gøthesen.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 16.06.21, sak 41/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt, ifølgje ny kommunelov, å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll».

KPMG AS kom med si uttale for regnskapsåret 2020 i haust, noko forsinka i forhold til fristen. Revisor kom med eit nummeret brev til administrasjonen då dei hadde funne forhold som kan bli betre innan sjølvkostområdet.

Utvalet vedtok å be om ei skriftleg tilbakemelding frå rådmannen til fyrste møte i 2022 om oppfølging og utbetring av avvika. Rådmannen kom med si tilbakemelding til møtet i november. Utvalet tok tilbakemeldinga til orientering.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet tar opp.

Utvalet vedtok i februar 2020 ein plan for orienteringar frå administrasjonen. I februar orienterte kommunalsjef for næring og samfunn om sine ansvarsområde. I september deltok også kommunalsjef for næring og samfunn og orienterte om «For Sauda KF». I november orienterte rådmannen om gjennomføring av medarbeidarsamtalar.

Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2021:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2020	BUDSJETT 2021 (utvalet)	REKNESKAP 2021 (foreløpig)
Godtgjersle og driftsutgifter	48 200	85 800	12 924 (mangler 42.800)
Revisjonstenester	379 728	452 000	635 733
Sekretariatstenester	183 000	189 200	189 200
Sum utgifter	610 928	727 000	837 857 ++

Kontrollutvalet handsama i møtet 09.09.21 framlegget til budsjett for 2022. Totalt var framlegg til budsjett på kr 1 076 000 ekskl. mva. Budsjettet blei sendt kommunen for vidare oppfølging og skal ifølgje loven bli lagt fram for kommunestyret når budsjettet for kommunen blir handsama.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i drift i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Dagfinn Birkeland valt medlem i representantskapet med Hallgeir Amdal som varamedlem. Birkeland møtte som representant for Sauda kommune på det digitale representantskapsmøtet 26.04.21.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2021 har vore nesten som planlagt. Fleire av møta har vore heilt eller delvis digitale.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport har blitt utarbeida og presentert. Undersøkinga om personalpolitikk og ansettelse viste at kommunen har forbettringspotensiale. Neste prosjekt er valt og vil omhandle kommunen si handtering av innkjøp.

Rogaland Revisjon IKS blei kommunen sin revisor frå 01.07.21.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunens si økonomisituasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Sauda, 27. januar 2022

Odd Magne Lønseth
Leiar

Anne-Brit Veastad Opheim

Lillian Nordengen

Øyvind Djuv

Ola Magnar Birkeland

VEDLEGG

OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/21 Godkjenning av protokoll 19.11.20
- 02/21 Orientering fra administrasjonen – kommunalsjef næring og samfunn
- 03/21 Bestilling av nytt revisjonsprosjekt – «Personalpolitikk og ansettelser»
- 04/21 Årsmelding for kontrollutvalget 2020
- 05/21 Referat- og orienteringssaker 11.02.21

- 06/21 Godkjenning av protokoll 11.02.21
- 07/21 Sauda kommune - uttale til regnskapet for 2020
- 08/21 Oppfølging av forenklet etterlevelseskontroll for regnskapsåret 2019
- 09/21 Plan for orienteringer fra administrasjonen eller selskaper
- 10/21 Referat- og orienteringssaker 06.05.21

- 11/21 Godkjenning av protokoll 06.05.21
- 12/21 Orientering om «For Sauda KF» v/kommunalsjef næring og samfunn
- 13/21 Forenklet etterlevelseskontroll for regnskapsåret 2020 – revisors attestasjon
- 14/21 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Personalpolitikk og ansettelser»
- 15/21 Rogaland Revisjon IKS om revisors rolle og ansvarsområde
- 16/21 Revisors uavhengighetserklæring for 2021
- 17/21 Orientering om revisjonsstrategi for revisjonsåret 2021
- 18/21 Budsjettforslag 2022 – kontrollarbeidet i kommunen
- 19/21 Referat- og orienteringssaker 09.09.21

- 20/21 Godkjenning av protokoll 09.09.21
- 21/21 Orientering om medarbeidersamtaler v/rådmannen
- 22/21 Oppfølging av forenklet etterlevelseskontroll for regnskapsåret 2020
- 23/21 Valg av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 24/21 Forslag til møteplan for 2022
- 25/21 Referat- og orienteringssaker 04.11.21

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2021
2. Kst-vedtak 03.02.21, sak 6/21 – suppleringsvalg til kontrollutvalget
3. Oversikt over kostnadene til kontrollarbeidet 2020 og budsjett 2021
4. «Utlyste avtale om inntil 10 mill. – betalte 39 mill.» – Kommunal Rapport 02.02.21
5. Kronikk i Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje
6. Tilsynsrapport Fløgstad skule - fra Statsforvalteren i Rogaland
7. Tilsynsrapport Sauda ungdomsskule – fra Statsforvalteren i Rogaland
8. Statusrapport pr. mai 2021
9. Saksframlegg om opptak av kommunene på Haugalandet i Rogaland Revisjon IKS

10. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
11. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
12. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
13. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 21.- 22.04.21 – Anne-Brit V. Opheim deltok
14. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
15. KMD mars 2021 -Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften
16. Statusrapport pr. september 2021
17. Kst. vedtak 16.06.21, sak 42/21 – Årsmelding for kontrollutvalget 2020
18. Kst. vedtak 16.06.21, sak 41 – godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon IKS
19. Krisesenter Vest IKS – protokoll fra representantskapsmøte 11.06.21
20. FKT-medlemsinformasjon juni 2021
21. Statusrapport pr. november 2021
22. Kst. vedtak 20.10.21, sak 65/21 – revisjonsrapport om personalpolitikk og ansettelser
23. Evaluering av vertskommunesamarbeid om barnevern og PPT – rapport utarbeidet av Telemarksforsking i 2021
24. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
25. FKT-medlemsinformasjon september 2021